


**Sakshandsamar:**

Anne Silje Sylvernes

E-post: Anne.Silje.Sylvernes@sfj.no

Tlf.: 57 63 81 64

Mob.: 989 02 334

**Vår ref.**

Sak nr.: 19/79-55

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt I.nr.**

12057/19

**Dykkar ref.**
**Dato**

LEIKANGER, 11.03.2019

## Notat

### Sakshandsaming - Infrastrukturmidlar reiseliv 2019

#### 1. VEDTAK

- Fylkesdirektøren for næring og kultur har gjort følgjande vedtak for tildeling av infrastrukturmidlar i reiseliv for 2019:

		Totalbudsjett	Vedtak
Parkeringsplasser ved Visnes Hotel	Visnes Hotel Stryn	530 000	0
Tursti i Øygardsmyrene	Sunnfjord Golfklubb	123 237	0
Tilrettelegging av sti til Brekkefossen Flåm	Nærøyfjorden Verdsarvpark	1 280 178	150 000
Veglys tilkomstveg Bulandet	Bulandet - Vælandet Grendalag	300 000	0
Forprosjekt og skisseprosjekt Surf Jord - Surfeanlegg i Sunnfjord	Daniel Lira Figueiredo	149 000	0
Kartlegging og utvikling av reiselivsprodukter i Vik og mellom Vik og Myrdalen	Vik kommune	250 000	75 000
Tilrettelegging for gaiding i Vik	Sylvringen AS	100 000	0
Stikoppling i Leikanger kommune	Opplev Leikanger	320 000	0
Søknad om infrastrukturmidlar til utbetring/opprettning av parkeringsplassar i samband med turgåing	Naustdal kommune	412 000	100 000
Turveg Sæle i Bygstad	Gaula kommune	200 000	50 000
Parkeringsplassar ved populære turområde Førde	Førde kommune	300 000	75 000
Søknad om utviklingsstiskot - turistrike Gaularjellet	Balestrand Adventure AS	800 000	117 500
Fyrprosjekt Vågsøy	Måøy Vekst AS	208 000	0
Digitalt fiskekart Jølster	Jølster Aurefest	120 000	30 000
Søknad om tilskot til Utandørs Tursenter på Iglandsvik i Bremanger	Maria Braseth	204 000	0
Digital byvandringsapp i Høyanger	Finurlig AS	400 000	0
Stormløyper langs Fjordkysten	Visit Fjordkysten AS	400 000	200 000
Utvikling av fyrtårnbygd for berekraftig reiseliv	Norsk Bremuseum & Ultveit-Moe Klimasenter	870 000	0
Søknad for tilskot til Fjord Tours Unescobuss-satsing	Fjord Tours AS	1 123 803	0
Forprosjekt utsmykning Hauge gamle kyrkjested	Original Hauge	329 000	0
Parkeringsplasser ved populære turområde Vikesland-Hovdungo	Nærøyfjorden Verdsarvpark	315 874	75 000
Vidareutvikling av Kongeveggbussen	Kongevegbedrifter Filefjell AS	229 000	0
Vidsyn - Bystien/Hafstadkleiva - Førde	Stiftinga Bystien - Førde Byutvikling	1 800 000	0
Rydding av trasear for skogskjøring - toppturar på ski	Bokprosjektet skiturar i Indre Sunnfjord	120 000	0
Støtte til å ha oppe alle dagar i vintersesongen	Sogndal Skisenter Drift AS	389 000	0
Kalvåg kystfestival 2019	Aktiv Kalvåg	2 793 300	0
Utvida kunnskapsinnhenting - Ferdselstseljing	Nærøyfjorden Verdsarvpark	232 500	97 500
Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken - 2019	Nærøyfjorden Verdsarvpark	830 000	0
Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven; fase 2	Nærøyfjorden Verdsarvpark	1 035 160	0
		16 164 052	970 000

#### 2. INNLEIING

##### 2.1 Om ordninga

Ordninga skal støtte tilretteleggende tiltak som skal gjere dei mest særeigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. Vi ynskjer spesielt å legge til rette for at turisten kan vandre for å oppleve attraksjonar som bre, fjord, fjell, interessante tettstader og kulturattraksjonar.

Tiltaka som vert støtta skal medverke til å nå måla i verdiskapingsplanen.

Midlane blei lyste ut 4. januar 2019 med søknadsfrist 15. februar. Innan søknadsfristen har vi motteke 29 søknader som er vurdert opp mot kriteria i utlysingsteksten og satsingane i verdiskapingsplanen. Vurderingane er også gjort i tråd med retningslinjer for verkemiddelbruk for næring. Samla søknadssum var på 5,212 mill. kr. for 2019.

Tre av søknadane kom inn på ei anna tilskotsordning hjå fylkeskommunen, men blei vurdert til å passe betre inn under denne ordninga. Søknadane er difor tatt med i vurderinga. Desse tre er med i tal søknadar over.

Saksframstillinga har vore til uttale hjå destinasjonsselskapa.

## **2.2 Tildelingskriterier**

I utlysingsteksten vert det slått fast at midlane er avgrensa og ikkje alle prosjekt vil nå opp.

Tiltaka som vert støtta skal medverke til å nå måla for [reiselivssatsinga i Verdiskapingsplanen](#).

### **Kva prosjekt og tiltak vert prioriterte?**

- Tiltak som står opp om vandring som aktivitet
- Tiltak som skapar auka trafikk i skulder- og vintersesong
- Tiltak som bidreg til auka verdiskaping til reiselivsbedriftene i området
- Tiltak som støttar opp under fleire attraksjonar/reiselivsbedrifter
- Tiltak som medverkar til auka overrislingseffekt
- Prosjekt med forankring i destinasjonsselskapet i regionen

### **Kriterium for å få støtte**

- Hovudprosjekt kan bli støtta med inntil 50 prosent av kostnad.
- Eigeninnsats kan inngå som ein del av finansieringsplanen, og kan prissetjast til inntil kr 600 timen. Tal timer skal spesifiserast både i søknad og ved levering av rapport/rekneskap.
- Tiltak som vert støtta skal vere opne og tilgjengelege for alle. Bedrifter kan søkje der dei tek på seg samfunnsutviklingsoppgåver, eller har ei prosjektleiarrolle for fellesprosjekt. Bedrifter kan ikkje få tilskot til eigne bedriftsutviklingsoppgåver eller investeringsprosjekt.
- Tiltaka skal normalt ikkje ha samfinansiering med kommunale næringsfond, andre fylkeskommunale midlar eller tilskot frå Innovasjon Norge.
- Tilskotet skal ikkje gå til å dekke løypande drift og vedlikehald.
- Midlane skal ha utløysande effekt for realisering.
- Destinasjonsselskapa vurderer søkerane før innstilling, søker skal difor ta kontakt med destinasjonselskapet i sitt område for å få søknaden vurdert før den vert sendt inn.

## **2.3 Rammer**

Det er sett av 0,900 mill. kr. til infrastruktur i reiselivet i næring og kultur sitt budsjett for 2019. I tillegg er det restmidlar innan ordninga på 0,070 mill. kr. Den samla tilgjengelege ramma for denne ordninga er såleis 0,970 mill. kr.

## **2.4 Generelt om vurderingane**

Fleire søkerane er innanfor ordninga. Vi ser også at nokre av søkerane grensar i bedriftsretta støtte og at enkelte av søkerane ikkje treff heilt med rammene til tilskotsordninga.

I vedtaka nyttar vi heile den tilgjengelege ramma for 2019, samt noko restmidlar frå tidlegare år. Med trонge rammer og betydeleg auke i søkerane frå 2018 er det mange gode tiltak som ikkje når opp i konkurransen om midlar.

I tråd med utlysingsteksten har vi prioritert prosjekt som står opp om vandring som aktivitet. Dette er vandring for å oppleve attraksjonar som bre og fjell, men også vandring gjennom tettstadar og mellom historiske attraksjonar. Vi har i år særleg prioritert parkeringsplassar som legg til rette for vandring.

Søkerane er kopla opp mot spelemiddelordninga og sett i samanheng for at vi skal få best muleg ut av tilskotsordningane fylkeskommunen forvaltar. Parkeringsplassar er ikkje godkjende i spelemiddelordninga, men dei støttar opp under og skapar ein heilskap mellom tilskotsordningane og i det tilbodet som vert gitt brukarane og reiselivssatsinga.

## **3. VURDERING AV SØKNADER**

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

### **3.1 Parkering og uteområde ved Visnes Hotel**

#### **Kort om søkeren**

Visnes Hotel Stryn søker om eit tilskot på 280 000 kr til å lage parkeringsplass ved sidan av tunet til hotellet.

Det ligg føre planar om å sette i stand låven som høyrer til hotellet. Låven er tenkt til kulturarrangement, galleri og sommarkafe. Eigarane ynskjer å opne opp for fleire dagsturistar, slik at dei kan få oppleve Visnes Hotel, tunet og historia.

I samband med dette blir det behov for meir parkeringsplass og omorganisering av tunet.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Fylkesdirektøren ser det som positivt at søker ynskjer å utvide tilbodet sitt og sesongen sin.

Sett opp mot kriteria for utlysinga vert dette prosjektet vurdert å ha avgrensa effekt for andre verksemder enn Visnes Hotel og prosjektet blir vurdert som bedriftsretta.

#### **Vedtak**

Visnes Hotel Stryn får avslag på søknaden om tilskot til bygging av parkeringsplass.

### **3.2 Tursti i Øygardsmyrane**

#### **Kort om søknaden**

Sunnfjord Golfklubb søker om eit tilskot på 61 618 kr til utbetring av tursti i Øygardsmyrane.

Stien ligg for seg sjølv rundt golfbana. Opprinneleg var her ein enkel sti i regi av Jølstraholmen Camping. Då golfbana vart bygd vart mesteparten av stien liggande delvis inne på bana og brukt som ein integrert del av bana. Kombinasjonen mellom golf og tursti er ei spennande blanding og fungerer godt i følgje søker.

Stien er open for alle og er mykje brukt av lokale og turistar kring Vassenden. Turen er ca. 1,5 km lang og tek ca. ein halv time alt etter kva veg ein vel. Det er også muleg å gå og sykle vidare på eigna vegnett.

Golfklubben vedlikeheld stien til sitt bruk, men for at den skal kunne brukast av alle trengs eit større utbetringsarbeid. Særleg eldre, funksjonshemma og dei med barnevogner har vanskar med å ferdast i området. Gangbruene må hevast, skog må ryddast og drenering må på plass, samt at stien må grusast for å gjøre stien lett tilgjengeleg for alle.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Prosjektet «Tursti i Øygardsmyrane» skal gjøre turstien meir tilgjengeleg for alle samfunnsgrupper. Fylkesdirektøren ser det som positivt at stien er open for alle og at ein ynskjer å legge til rette for at fleire kan bruke stien.

Søknaden vert vurdert å vere på grensa til bedriftsretta.

#### **Vedtak**

Sunnfjord Golfklubb får avslag på søknad om tilskot til utbetring av sti på Øygardsmyrane.

### **3.3 Tilrettelegging av sti til Brekkefossen, Flåm**

#### **Kort om søknaden**

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 150 000 kr til tilrettelegging av sti til Brekkefossen, Flåm.

Stiftinga sökte om midlar til prosjektet i 2015 og fekk tilsegn på 121 000 kr.

Brekkefossen ligg nært og lett tilgjengeleg for gjestene og stien opp til fossen er ein del av buførevegen og DNT-stien til Ljosdalen og Grindafletene. Stien vert mykje brukt til tur for turistar som besøker Flåm, fotturistar som går DNT-stien og busette i Flåm som trim- og turmål. Stien var i 2015 prega av slitasje, med mykje gjørme og trakkskadar i terrenget langs stien.

Om lag to tredjedelar av stien er i dag oppgradert, det står att om lag 220 meter som framleis er prega av slitasje. Dette arbeidet har ei kostnadsramme på ca. 1 440 200 kr. Tiltakshavar Aurland kommune har førebels stoppa vidare utbetring av stien i påvente av finansiering av siste del.

Målet med prosjektet er:

1. Setje i stand stien, betre/trygge tilkomsten for turgårar.
2. Dempe/redusere negative effektar på landskap/beitande dyr som følge av stor ferdsle/vandring.

### 3. Medverke til ei kvalitativ god turoppliving/god besøksforvaltning.

Grunnen til kostnadsauken i høve budsjett og søknad 2015 er knytt til meirarbeid og -kostnadar ved bearbeiding av stein/transport med helikopter, forarbeid og sjølve steinsetjinga i traseen som vart noko breiare enn føresett. Trafikk i stien sommaren 2018 har synt at dette var naudsynt.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Nærøyfjorden Verdsarvpark fekk i 2015 midlar til same prosjekt. Grunna meirarbeid og meirkostnadar i prosjektet er det ikkje ferdig og kommunen har sett det på vent til vidare finansiering av prosjektet er på plass.

I vurderinga frå 2015 er det lagt vekt på at prosjektet vil vere med på å auke kvaliteten på vandretilbodet i regionen og spreie trafikken i Flåm. Utbetring av stiar ved hjelp av sherpaer har vist seg å vere vellukka fleire stader i fylket og har positive effektar ved at fleire nyttar seg av tilbodet etter utbetringane er utført.

Vurderinga frå 2015 er framleis gjeldande og prosjektet er innanfor fleire av dei prioriterte tiltaka til infrastrukturmidlane til reiseliv.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden Verdsarvpark får 150 000 kr til å gjennomføre prosjektet tilrettelegging av Brekkefossen, Flåm.

## **3.4 Veglys tilkomstveg Bulandet**

#### **Kort om søknaden**

Balandet – Værlandet Grendalag søker om 150 000 kr til belysing av tilkomstveg mellom Gjørøy og resterande del av Bulandet.

Bakgrunnen for søknaden er aukande satsing på reiseliv på Bulandet og Værlandet vinterstid. Tilkomstvegen til Bulandet som også knyter Gjørøy opp mot resten av Bulandet har ingen belysning og er heilt mørkelagt om vinteren. Ein må i dag gå strekninga på 600 meter i mørket for å kome til overnattingsplass og forsamlingslokalet. Belysning av vegen vil vere med på å knyte Gjørøy og tilboda der saman med resten av Bulandet, og omvendt.

Dei eksisterande veglysa på Bulandet er drifta av Askvoll kommune og eigmend av Bulandet – Værlandet Grendalag og har godkjent kopling til eksisterande nett. Oppføring av nye veglys er godkjent av kommunen.

Det er ikkje søkt om løyve frå Statens Vegvesen, dette blir gjort etter at søknad er behandla.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Fylkesdirektøren ser det som positivt at ein ynskjer å gjere tilkomstvegen mellom Gjørøy og resterande del av Bulandet meir tilgjengeleg og tryggare i vinterhalvåret. Vegen er ei viktig ferdselsåre enten ein skal kome seg til overnattingsplass, turstiar eller andre tilbod i området.

Prosjektet vert vurdert som på sida av utlysinga for infrastrukturmidlar til reiselivet.

#### **Vedtak**

Balandet – Værlandet Grendalag får avslag på søknad.

## **3.5 Forprosjekt og skisseprosjekt Surf Jord – Surfeanlegg i Sunnfjord**

#### **Kort om søknaden**

Daniel Lira Figueiredo søker om 60 000 kr til forprosjektet og skisseprosjektet Surf Jord – surfeanlegg i Sunnfjord.

Det er eit ynskje om å få bygd eit surfeanlegg i Førde. Eit surfeanlegg vil kunne brukast til surfe-trening og -konkurransar for alle aldersgrupper og -nivå. I tillegg vil det kunne brukast til trening på Stand Up Padling (SUP) Yoga, SUP Surfing, fridykking, kajakk og vassredning. Det skal vere tilgjengeleg heile året og i tillegg til å ha ein aktivitetsarena vil det også vere eit undervisningslokale i samband med anlegget.

Anlegget vil vere innebygd slik at det skal kunne brukast året rundt og fornybar energi er noko ein satsar på i samband med dette. Ein ynskjer å bruke solcellepanel til oppvarming av anlegget. Det er også tenkt at eit mini vasskraftverk i tilknyting til anlegget som blant anna skal bruke nedbøren i Førde til ein fordel, det blir også sett på om ein kan bruke sjølve bølgjene i anlegget til å generere elektrisk straum.

For- og skiseprosjektet har fått støtte fra næringsfondet til Sunnfjord Utvikling.

### **Vurdering og konsekvensar**

Fylkesdirektøren vurderer prosjektet «Surfeanlegg i Sunnfjord» til å vere eit svært spennande prosjekt.

Surfe-turisme fins allereie i dag, blant anna er Hoddevika og Ervik på Stadt kjente surfestinasjonar i fylket vårt. Eit anlegg som dette er det få av og det er difor truleg at det vil få stor merksemd, både lokalt, nasjonalt og utanlands, potensialet for besökande er difor vurdert som stort.

Prosjektet vert vurdert som bedriftsretta.

### **Vedtak**

Daniel Lira Figueiredo får avslag på søknaden om støtte til forprosjekt og skiseprosjekt Surf Jord – Surfeanlegg i Sunnfjord.

## **3.6 Kartlegging og utvikling av reiselivsprodukter i Vik og mellom Vik og Myrdalen**

### **Kort om søknaden**

Vik kommune ynskjer om 125 000 kr til eit forprosjekt som skal undersøke mulegheita for å samarbeide med Myrdalen Fjellandsby om å utvikle inkluderande reiselivsprodukt for sykkel og vandring frå fjell til fjord.

I forprosjektet ynskjer Vik kommune å avdekke potensialet for nyutvikling av reiselivsprodukt med fokus på sykling og vandring i Vik og i fjellheimen mellom Myrdalen og Vik, samt å sjå på korleis eksisterande infrastruktur av sti og grusveg kan koplast saman til attraktive skilta/guida sykkel- og vandreprodukt over fjellet.

Forprosjektet frå Vik si side er eit ledd i å vidareutvikle Vik som ein reiselivs- og trivselskommune, auke kundegrunnlaget for eksisterande næring, samt kople seg til sterke og etablerte marknadskrefter i Myrdalen. Hovudmålet er å skape eit godt fundament for utvikling av og samarbeid rundt reiselivsprodukt mellom Vik og Myrdalen og at begge destinasjonar dreg gjensidig nytte av satsinga.

Det ligg områder på begge sider av RV13 over Vikafjellet som har fleire attraktive stiar og grusvegar som aldri har vore utvikla eller skilta for turistføremål. I forprosjektet søker det tilskot til å rekognosera, kartlegge og vurdere trasear på grusveg og sti med utgangspunkt i RV13. Ein ynskjer å sjå kor eigna områda er for ulike typar av sykling/vandring, og å sjå på korleis desse kan skiltast/utbetra for å skape attraktive sykkel- og vandreprodukt for fleire målgrupper.

Ein ynskjer også å kartlegge/undersøke trasear for bygging av eventuell berekraftig sykkel- og vandresti ned frå fjellet mot sentrum i Vik, samt om dette er økonomisk forsvarleg å gjennomføre.

Forprosjektet tek også sikte på å undersøke kva effekt det vil ha for barn og unge i Vik å bygge ei lita sykkelbane for barn (pump-track) i tilknyting til Vik sentrum og om det kan vere eit verkemiddel i å auke aktivitet og folkeliv i sentrum sommarstid.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Vik kommune, sentrale reiselivsaktørar i Vik kommune (ressursgruppa for reiseliv i Vik) saman med Visit Sognefjord, og Myrdalen Fjellandsby.

### **Vurdering og konsekvensar**

Tiltaket er spennande og kan føre til auka besøkstal, noko som også kan føre til lengre oppholdstid i området/ekstra gjestedøgn, som igjen gir auka verdiskaping til bedriftene i området.

Prosjektet omhandlar fleire tiltak, vi vurderer tiltak som går på kartlegging av stiar og vegar, samt undersøking av ny trase ned frå fjellet mot Vik sentrum til å stø opp om vandring som aktivitet. Tiltak/finansiering som omhandlar informering av lokalbefolking, plassering av pump-track og sluttrapportering vurderer vi som litt på sida av tiltak som vert støtta. Vi stussar litt over budsjettering av prosjektrapportering og synast denne posten er overbudsjettert.

Totalbudsjettet er på 250 000 kr., der 150 000 kr. omhandlar kartlegging av stiar/vegar. Vi går difor inn med eit tilskot på 50 % av denne summen, det vil seie 75 000 kr. Midlane er øyremerka til kartlegging og utvikling av stiar/vegar.

### **Vedtak**

Vik kommune får 75 000 kr. til kartlegging og utvikling av stiar/vegar over Vikafjellet og ned til Vik sentrum.

## **3.7 Tilrettelegging for gaiding i Vik**

### **Kort om søknaden**

Sylvringen AS søker om 50 000 kr til tilrettelegging for gaiding av kulturelle attraksjonar i Vik.

Føremålet med prosjektet er å skapa meir merksemد kring dei kulturelle attraksjonane i Vik. Det er fleire kulturelle attraksjonar i Vik der Hopperstad Stavkyrkje har fått mest merksemد med eit besøkstal i 2018 på ca 16 000. Andre attraksjonar som har mindre besøkstal, men som har eit stort potensiale blir nemnde; Hove Steinkyrkje frå 1170, Fridtjovstatua på Vangsnæs, det verna område på Øyri, Refsdal kraftstasjon frå 1913 (restaurert kulturminne), med andre.

Det er aukande interesse for Vik som reisemål, både nasjonalt og internasjonalt. I den samanheng har Sylvringen AS etablert eit samarbeid med Visit Sognefjord. Det blir peika på at Vik i samband med spreying av trafikken til Flåm, det er aukande turistskipanløp i Vik, at Fortidsminneforeininga satsar meir på Vik på grunn av kapasitetsproblem ved Borgund og Urnes Stavkyrkjer og større tilstrøyming av turistar til Noreg og Vestlandet spesielt.

Prosjektet har to mål:

1. Bemannning av selskapet i form av dagleg leiari i deltidsstilling innan 2021, det er i dag styrt på dugnad.
2. Minimum 500 besøkande i 2019, 1000 i 2020, 2000 i 2021.

Aktivitetar i prosjektet er:

- Forbetring og utvikling av brosjyremateriell
- Utvikling av heimeside på internett
- Visningsturar i regi av Visit Sognefjord og eventuelt andre aktørar
- Deltaking på samlingar og reiselivsmesser
- Opplæring av gaidar
- Informasjonsmateriell til gaidar
- Innkjøp av kommunikasjonsutstyr

### **Vurdering og konsekvensar**

Dette er i hovudsak ein søknad om å utvikle Sylvringen AS frå å bli driven på dugnad til å kunne tilsette ein person i bedrifta. I tillegg er det aktivitetar som går på innkjøp av utstyr, opplæring, utvikling av brosjyremateriell og utvikling av heimeside.

Søknad blir vurdert som bedriftsutvikling.

### **Vedtak**

Sylvringen AS får avslag på søknad om tilskot til tilrettlegging for guiding av kulturelle attraksjonar i Vik.

## **3.8 Stikopling i Leikanger kommune**

### **Kort om søknaden**

Opplev Leikanger søker om 150 000 kr til å kople saman stiane på Leikanger til ein heilskap, samt få stiane inn på digitale kart og papirkart.

I Leikanger er det dei siste åra gjennomført fleire stiprosjekt. Opplev Leikanger har sett opp ulike typer skilt i dei nære bebygde områda, medan andre har gjennomført skilt- og stiarbeid i skogs- og fjellområda.

Prosjektet har som hovudmål å kople desse stiane saman til ein heilskap, slik at stiane kan nyttast av både fastbuande og tilreisande. Søkjar meiner dette vil ha stor effekt for dei eksisterande reiselivsverksemndene lokalt i Leikanger, samt for dei andre verksemndene i regionen som kan bruke Leikanger som spennande turmål for gjestene sine.

Det er også eit mål å få stiane inn på kart slik at ein kan bruke digitale hjelpermiddel. Det er også eit behov for å merke stiane på papirkart. Desse ynskjer søkjar å plassere ut på strategiske stadar i bygda. Dette skal gjere det lettare å ta i bruk stiane for vandring og for sykling der det er mogleg.

### **Vurdering og konsekvensar**

Prosjektet er positivt og vil vere med å gjere turstiane lettare tilgjengelege for besökande. Det er avgrensa med midlar innan ordninga og når ikkje opp.

Prosjektet kan passe godt innanfor spelemiddelordninga, men då må enten Leikanger kommune eller IL Syril stå som søker.

### **Vedtak**

Opplev Leikanger får avslag på søknad. Søkar blir oppmoda om å ta kontakt med kommunen eller idrettslaget i området sitt og saman sende inn søknad på spelemiddelordninga.

## **3.9 Søknad om infrastrukturmidlar til utbetring/opprettning av parkeringsplassar i samband med turgåing**

### **Kort om søknaden**

Naustdal kommune søker om 206 000 kr til utbetring og opprettning av parkeringsplassar i samband med turgåing.

Det er behov for utbetring av eksisterande parkering, samt ny parkering ca. 300 meter unna i samband med tilkomst til turstiar frå Kringla. Det er merka 15 turar med ei samla lengd på 68 km og dagsturhytta er på plass på fjellet Steinkorsen.

Det skal også utbetrast/byggast to andre parkeringsplassar som blir vurdert som flaskehalsar ved Naustdalslid og Kleppstølen.

Besøkstala på dei 15 stiane har auka for kvart år sidane dei blei merka (2013) og viser no i underkant av 8 000 besökande pr. år samla på stiane. Det ligg turbøker ute på dei ulike turane som er grunnlaget til teljing av besökande.

Etter at stiprosjektet har vore oppe og gått nokre år har det blitt tydeleg at parkeringsplassane treng å oppgraderast/byggast ut. Dei som særleg peikar seg ut er:

Kringla. Bygging av dagsturhytte på Steinkorsen vil føre til auka ferdsel og auka behov for parkeringsplassar. I 2018 var det 1657 personar som skreiv seg inn i boka på toppen og denne turen er den mest besøkte fjellturen i Naustdal kommune. Parkeringsmogelegheitene på Kringla i dag er for dårlig og det er behov for å utbetre eksisterande parkering samt bygge ein ny parkeringsplass ca. 300 meter lengre ned den kommunale vegen. Eksisterande parkeringsplass er tenkt som ei fellesgode-parkering med brukarbetaling via Vipps. Inntekten vil bli øyremerka til vedlikehald/leige og brøyting av parkeringsplassen. Den nye parkeringsplassen er tenkt som ei gratisparkering slik at turfolket kan velje om dei ynskjer å betale eller parkere gratis ved å parkere 300 meter unna.

Naustdalslid. Området er mykje brukt som startpunkt for korte nærturar bland anna av barnefamiliar. Skogsbilvegen Solsidevegen som går frå Naustdalslida til Hove er ein veg på ca. 5 km og er stengt for biltrafikk med bom i begge endar. Vegen er mykje brukt som nærtur. Det er svært dårlige parkeringsmuleigheter ved bommen til skogsbilvegen og ein har eksempel på parkering som stenger inne både tømmerbilar og grunneigar på traktor. Det skal lite til for å få til parkering her. Området er også utgangspunkt for tur til Stølsdalen og Vindkjegla.

Kleppstølen. Parkering på Kleppstølen har i mange år vore problematisk. Grunneigar har fleire gonger snakka til turfolk som parkerer bilane sine på den kommunale snuplassen ved tunet til garden på Kleppstølen. Det verkar som enkelte turfolk ikkje rettar seg etter trafikkreglane og nyttar ein snuplass til å parkere. Kommunen prøvde å gjere noko med dette i 2018 og laga ein provisorisk parkeringsplass i bakken nokre hundre meter før ein kjem opp til garden. Denne parkeringa er i dag for dårlig og det er behov for å gjere denne parkeringa noko større og betre.

Dei berørte grunneigarane er positive og villige til at det kan leggast til rette for betre parkering i dei omsøkte områda.

Det vil også bli søkt Sparebankstiftinga om midlar.

### **Vurdering og konsekvensar**

I 2013 starta Naustdal kommune å merke 15 turstiar. Søkjar skriv at det er ca. 8 000 besøkande i året på dei 15 merka stiane og at tala har auka kvart år sidan dei blei merka. Det er vanskeleg for oss å vurdere kva som er realistisk tal besøkande, men vandring er populært og aukar jamt over. Dette føreset sjølv sagt at infrastrukturen er på plass. Parkeringsplass er eit viktig tiltak for å få til dette.

Prosjektet står opp om vandring som aktivitet og auka besøk kan føre til lenger oppholdstid i området/ekstra gjestedøgn som igjen gir auka verdiskaping til verksemndene i området.

### **Vedtak**

Naustdal kommune får kr 206 000 til utbetring/opprettning av parkeringsplassar i samband med turgåing.

## **3.10 Turveg Sæle i Bygstad**

### **Kort om søknaden**

Gaular kommune søker om 200 000 kr til opparbeiding av parkering for brukarar av stien frå Sæle til Bergsheia.

Gaular kommune er med på å tilrettelege ein populær tursti på Sæle i Bygstad. Turen startar på Sæle som utgangspunkt for fleire turar og toppturar som til dømes Bergsheia og vidare til Blægja.

På Sæle sluttar den kommunale vegen og endar i ein snuhammar. Turstien gjekk opprinnleig oppover eit stykke på austsida av elva og over ei bru. Brua er rasa saman og turfolk går gjennom tunet til grunneigar på Sæle for å komme seg over elva og fortset oppover terrenget derifrå.

Grunneigar er positiv til turfolk, men det byrjar å bli frustrasjon og irritasjon når bilar som brukar snuhammaren til parkering også parkerer i innkjørsle til nabohus, langs vegen og inn i hagen. I tillegg er det fleire gonger at folk tek kontakt, både seint og tidleg om informasjon om sti, parkering og meir. Grunneigar har til og med opplevd at folk går inn i huset dersom dei ikkje opnar opp døra når folk ringer på.

Både turlag, kommune og grunneigar er einige om at noko må gjerast.

Grunneigar stiller område for parkering til disposisjon. Nærare avtale med kommunen om kjøp/leige eller anna ordning kjem.

Indre Sunnfjord turlag søker spelemidlar til bru, merking og informasjonsskilt.

Kommunen kostar og opparbeidar parkering, samt skilting om parkering. Prosjektet er forankra i kommuneplan for Gaular i temaområder næring og naturressursar.

### **Vurdering og konsekvensar**

Parkeringsplassar i forbindelse med turstiar og turløyper er eit konkret tiltak som står opp om vandring som aktivitet. Prosjektet står opp om vandring som aktivitet og auka besøk kan føre til lenger oppholdstid i området/ekstra gjestedøgn som igjen gir auka verdiskaping til verksemndene i området.

I budsjettet er det nemnt kostnadar i samband med p-avgift, desse reknar vi med omhandlar oppsetjing av parkeringsavgift-system. Det er ein føresetnad at eventuelle inntekter i form av parkeringsavgifter blir øyremarka til vedlikehald og brøyting av parkeringsplass.

### **Vedtak**

Gaular kommune får kr 200 000 til opparbeiding av parkering for brukarar av stien frå Sæle til Bergsheia med føresetnad at inntekter i form av parkeringsavgifter blir øyremarka til vedlikehald og brøyting av parkeringsplass.

## **3.11 Parkeringsplassar ved populære turområde Førde**

### **Kort om søknaden**

Førde kommune søker om 150 000 kr til opparbeiding av to parkeringsplassar ved Ryggjabrua og Botnen, begge i Angedalen i Førde.

Førde kommune vil bygge to parkeringsplassar i starten og i enden av Angedalen. Angedalen dannar utgangspunkt for fleire populære turruter, blant anna til Flugedalen, Ramstadstøylen og Førdesnipa. Det er også sett opp dagsturhytte ved foten av Vierfjellet som er ved starten av Angedalen der ein ynskjer å etablere parkeringsplass. Områda til parkering er avklara med grunneigarar.

Opparbeiding av parkeringsplassane er ein del av ei større satsing dei siste åra på turar i nærområdet i Førde. Det er skilta, merka og lagt til rette for 20 nærturar. Dette vil også bli ei satsing for nye Sunnfjord kommune.

Turlaget, idrettslaga, idrettsrådet, grunneigarane, rendalaga og Sunnfjord Utvikling er saman med Førde kommune sentrale i satsinga og etableringa av parkeringsplassane.

Ein ser for seg at kvar av dei to parkeringsplassane vil ha plass til 20 bilar.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Vandring er ei prioritert satsing i Førde kommune og vil også bli det for nye Sunnfjord kommune. Parkeringsplassar er viktig i arbeidet med å legge til rette for vandring som aktivitet og auke besøkstala på dei aktuelle turområda.

Det er positivt at grunneigarane er med på satsinga og etableringa av parkeringsplassane.

Prosjektet står opp om vandring som aktivitet og auka besøk kan føre til lengre oppholdstid i området/ekstra gjestedøgn som igjen gir auka verdiskaping til verksemndene i området.

#### **Vedtak**

Førde kommune får kr 150 000 til oppretting av to parkeringsplassar ved Ryggjabrua og Bornen, begge i Angedalen i Førde.

### **3.12 Søknad om utviklingstilskot – turistrute Gaularfjellet**

#### **Kort om søknaden**

Balestrand Adventure søker om 300 000 kr til å få plass ei bussrute over Gaularfjellet.

Strekninga Balestrand – Gaularfjellet – Fjærland er lite utvikla, men eit interessant produkt innan reiseliv. På denne strekninga får ein oppleve tronde fjordar omkransa av høge fjell, det nye utvikspunktet på Gaularfjellet, vegen over Gaularfjellet har status som nasjonal turistveg, eit velutvikla turområde med både høgfjellslandskap og elv med fossar, dei mange kjende motiva av Jølstravatnet, og brelandskapet i Fjærland.

Fleire av partnarane til Balestrand Adventure ynskjer å utvikle produkt langs ruta, men det fins ikkje infrastruktur til å gjere dette i dag. I tillegg er turen i seg sjølv ei oppleving som svarar på mange av dei momenta som turistar ynskjer å oppleve i regionen.

I Balestrand Adventure er det ein aktør som er villig til å satse på å bygge denne ruta opp, men utfordringa ligg i økonomien til å få starta den opp.

Hovudmålet med prosjektet er å avdekke og teste potensialet for ei framtidig kommersiell rute over Gaularfjellet.

Delmålet er at det blir skapa fleire aktivitetar langs ruta, samt tilgjengeleg gjere dei og knyte saman verksemndene langs ruta og skape eit samarbeid mellom reiselivsaktørane.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Det er positivt med fleire aktivitetstilbod og dette tilbodet vil vere med å knyte saman strekninga Balestrand-Gaularfjellet-Fjærland. Hovudmålet er ei kommersiell rute, men søker treng hjelp til oppstart.

Å auke reiselivet over Gaularfjellet er ei satsing hjå fylkeskommunen og prosjektet står opp om dette. Å få på plass bussruta vil også kunne gi gode ringverknadar til reiselivsaktørane på strekninga. Fylkeskommunen står ikkje vanleg bussdrift, men har støtta opp om oppstarten til liknande ruter tidlegare. Vi ynskjer å hjelpe til med å starte opp bussruta over Gaularfjellet. For å sikre at tildelinga er innanfor regelverket vil tilskotet bli gitt som bagatellmessig støtte.

#### **Vedtak**

Balestrand Adventure får 117 500 kr til å få på plass ei bussrute over Gaularfjellet. Tilskotet blir gitt som bagatellmessig støtte.

### **3.13 Fyrprosjekt Vågsøy**

### **Kort om søknaden**

Måløy Vekst AS søker om 100 000 kr til eit forprosjekt som skal samle dei fire fyra i Vågsøy til eit Fyrtårnprosjekt, med formål om å bygge eit reiselivsprosjekt rundt fyra og gjere dei til eit attraktivt reisemål for lokalbefolkning og tilreisande.

Måløy Vekst vil i samarbeid med Visit Nordfjord starte eit fyrtårnprosjekt i Vågsøy for å utvikle dagens produkt, produktpakke og bygge eit produkt rundt dei fire fyra. Dette gjeld fyra Kråkenes fyr, Skongenes fyr, Hendanes fyr og Ulvesund fyr.

Måløy Vekst og Visit Nordfjord vil etablere ein møteplass for aktørane som er involvert i fyra, kartlegge mulegheiter og behov for å utvikle fyra som ein attraksjon, både i samband til samarbeid, marknadsføring og pakketering.

I forprosjektet vil dei også kartlegge kva som er naudsynt for å utbetre infrastruktur (renovasjon/toalettfasilitetar) til Kråkenes fyr for å legge til rette for at fyret kan ta i mot større grupper besøkande.

I tillegg skal forprosjektet kartlegge muleheitene for å få på plass infrastruktur på Hendanes fyr. Vegen ut til dette fyret må utbetrast og rassikrast før Kystverket kan leige ut fyret. Fyret er ein kulturskatt som per i dag står til forfall og blei for nokre år sidan vurdert riven. Ingen kan ta over fyret før infrastruktur er utbetrata. Det er investorar/interessentar som har stort ynskjer om å ta over fyret og gjere det til ein attraksjon.

Kostnadene i forprosjektet går til prosjektleiing, reiseutgifter, møtekostnadene og produktpakketering.

### **Vurdering og konsekvensar**

Fylkesdirektøren ser det som positivt at ein ynskjer å skape ein arena for samarbeid mellom fyra i Vågsøy og at ein ynskjer å utvikle dei som reiselivsprodukt. Fyra som tur- og turistmål er interessant, det å komme ut på kysten og kunne oppleve det skiftande véret og naturen rundt er noko som har aukande interesse.

Forprosjektet går ut på å skape ein møteplass for dei fire fyra og kartlegge kva som må til for å utvikle fyra til eit reiselivsprodukt. I dette inngår utgifter til reise, møter og workshopar. Vi vurderer dette til å ligge litt på sida til utlysinga for infrastrukturmidlar til reiselivet.

### **Vedtak**

Måløy Vekst AS får avslag på søknaden om midlar til prosjektet «Fyrprosjekt Vågsøy».

## **3.14 Digitalt fiskekart Jølster**

### **Kort om søknaden**

Jølster Aurefest søker om 60 000 kr til å utvikle eit digitalt kart over gode fiskeplassar i Jølster.

Jølster Aurefest ynskjer å utvikle eit digitalt kart over gode fiskeplassar i Jølstravatnet, i elva Jølstra og i andre utvalde fjellvatn og elvar.

Ein ynskjer dette skal vere med på å få fleire gjestedøgn i reiselivsverksemndene i Jølster gjennom betre tilrettelegging for sportsfiske. Reiselivsverksemndene i området har allereie fleire fisketuristar som dei besøkande og ynskjer å satse vidare på dette.

Karta skal gjere fiskeområda og fiskeplassane lettare tilgjengeleg for besøkande og vere med å ynskjer turisten velkommen på ein betre måte.

Kartet skal også svare på spørsmål som kvar ein kan håpe på god fangst, kva type fisk ein kan få på dei ulike stadane, kvar ein kan parkere og korleis ein kjem fram til dei ulike fiskeplassane.

Kartet skal gjerast tilgjengeleg på relevante nettsider i Jølster; Jølster Aurefest, Jølster 365, grunneigarlaget i Jølster, Jølster kommune og hos dei einiske reiselivsverksemndene. Kartet skal formidlast og promoterast via sosiale medier.

### **Vurdering og konsekvensar**

Jølstravatnet er eit kjent fiskevatn blant sportsfiskarar og andre, ikkje minst på grunn av Jølster Aurefest. Å finne nye og spanande metodar å formidle informasjon på er utfordrande. Det er mange initiativ som tek i bruk ny teknologi for å oppnå dette. Nokon klarar det, men mange fell og i gjennom. Fylkeskommunen står vanlegvis ikkje prosjekt som omhandlar nettsider og appar.

Vi meiner framleis at infrastrukturmidlane ikkje bør nyttast til å utvikle nettsider og appar. Men vi meiner tanken om eit kart over gode fiskeplassar i området Jølster er god, og at dette vil vere eit godt supplement til reiselivsbedriftene i Jølster. Prosjektet koplar vandring i Jølster med fiske og gode fiskeplassar og gjer eit større område interessant for dei som er interessert i fiske. Formidling av gode fiskeplassar kan bli eit trekkplaster. Vi vel difor å vere med på å dekke dei kostnadane som går til innhaldsutviklinga.

Totalbudsjettet er på 120 000 kr., og vi reknar at 60 000 kr. er direkte knytt til innhaldsproduksjon. Vi går difor inn med eit tilskot på 50 % av summen knytt til innhaldsproduksjon, det vil seie 30 000 kr. Føresetnaden er at nettsida vert utvikla på ein god måte, at kartet vert tilgjengeleg for alle utan betalingsløysingar. Dette føreset at Jølster Aurefest går inn med meir eigne midlar, eller får inn midlar frå andre.

#### **Vedtak**

Jølster Aurefest får ei tilskot på inntil 30 000 kr. som skal gå til innhaldsutviklinga av utvikling av digitalt kart over gode fiskeplassar i Jølster. Kartet skal vere tilgjengeleg for alle utan betalingsløysing.

### **3.15 Søknad om tilskot til Utandørs Tursenter på Iglandsvik i Bremanger**

#### **Kort om søknaden**

Maria Bratseth søker om 204 000 kr til etablering av Utandørs Tursenter på Iglandsvik i Bremanger.

Det har vore ei markant auke i turisttrafikken i Bremanger dei siste 10-15 åra, særleg dei siste tre åra. Det er fleire kjende turmål i området som blir godt marknadsført på sosiale mediar. Dette fører til at det har vore ei stor auke i informasjonsbehovet til dei besøkande. Dei vanlegast spørsmåla er kvar ein kan parkere, kvar dei ulike turløypene startar og sluttar, kvar ein finn sanitæranlegg, spørsmål rundt overnatting, telting med vidare.

Med bakgrunn i dette ynskjer ein å sette opp eit informasjonsskilt på Iglandsvik. Iglandsvik ligg sentralt til i Bremanger med fleir tilbod for dei besøkande, som kafe, butikk, overnatting, camping- og bobilplass, båtmarina, bensinstasjon og medisinutsal. Det er difor ein naturleg stad for besøkande å stoppe.

Tursenteret skal bestå av informasjonsskilt for dei 20 mest besøkte turløypene i ytre Bremanger, samt generell informasjon om området.

Handelsstaden på Iglandsvik, med Joker og Farmen som viktige aktørar har stilt ytterveggane sine til disposisjon for opphenging av informasjonsskilta.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Det er positivt at ein ynskjer å få på plass informasjonstavler som svarar på vanlege spørsmål frå besøkande, samt viser kvar turløyper startar og sluttar. Søkjar søker om 100 % finansiering av eit budsjett på 204 000 kr. Vi har ikkje mulegheit til å støtte meir enn 50 %.

Vi gir normalt ikkje støtte til privatpersonar og krev organisasjonsnummer for å kunne betale ut tilskot. Tiltaket passar godt under spelemiddelordninga, men då må søknad gå gjennom Bremanger kommune. Søkar blir oppfordra til å ta kontakt med kommunen og saman legge inn søknad på spelemiddlar.

#### **Vedtak**

Maria Bratseth får avslag på søknad om Utandørs Tursenter på Iglandsvik i Bremanger. Søkar blir oppfordra til å ta kontakt med kommunen og saman legge inn søknad på spelemiddlar.

### **3.16 Digital byvandring i Høyanger**

#### **Kort om søknaden**

Finurlig AS søker om 200 000 kr til å utvikle ei nettside som skal gi informasjon om attraksjonar og interessante stadar i bysentrum i Høyanger.

Digital byvandring i Høyanger ynskjer å tilgjengeleggjere attraksjonar og skape nye opplevelingar i Høyanger tettstad for tilreisande og fastbuande. Ved hjelp av ei nettside utvikla spesifikt for mobile

plattformer vil brukarar kunne vandre fritt frå punkt til punkt i sentrum av Høyanger og få informasjon og innhald knytt til stadane dei er på.

Høyanger har fleire interessante stadar og attraksjonar å by på i ei slik løysing; Parken (freda villastrøk basert på dei engelske hagebyane), Høyanger Industrimuseum, Gunnar S. Galleriet, trappene og trallebana, forsamlingslokalet Valhall, Høyanger kyrkje, idrettsanlegget med meir er alt innan ein radius på 500 meter frå bytorget.

Finurlig AS ynskjer å forsterke opplevingane knytt til desse stadane og attraksjonane ved å tilby besøkande relevant informasjon og innhald på digitale einingar, til dømes mobiltelefonar. Det vil oppretta punkt på utvalde stadar av spesiell interesse som vil få ei eller fleire tilhøyrande nettsider. Desse punkta vil også samlast på eit eige kart som viser brukaren sin posisjon, noko som gjer det enkelt å navigere i byvandringsløypa. Innhaldet på dei ulike sidene vil variere ut frå kva som er relevant på den aktuelle staden, men det vil også leggast opp til ei formidlingsform og eit brukargrensesnitt som er tilpassa digitale plattformer og små skjermar. Det vil bli nytta film og lyd i tillegg til tekst, illustrasjoner og foto.

Byvandringsløypa vil ha tospråkleg innhald og vere tilgjengeleg på norsk og engelsk.

Målet er å opprette 10-15 punkt i Høyanger med tilhøyrande nettsider som skal gjere brukaren si oppleving av staden ein er på rikare.

Høyanger Næringsutvikling er med å finansiere prosjektet med inntil 200 000 kr.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Det er positivt at det kjem fleire tilbod som tydeleggjer og gjer tilgjengeleg attraksjonar og syns prosjektet er positivt. Det er samtidig avgrensa kor mange utanlandske tilreisande tiltaket vil vere tilgjengeleg for då det er snakk om ei nettside som vil krevje tilgang til Internet.

Kostnadane i prosjektet går i hovudsak på behandling, innsamling og produksjon/redigering av innhald, samt oppretting av nettside. Dette blir vurdert som driftskostnadar, noko vi ikkje kan støtte. Prosjektet blir vurdert som bedriftsretta.

#### **Vedtak**

Finurlig AS får avslag på søknad om å utvikle nettside.

### **3.17 Stormløyper langs Fjordkysten**

#### **Kort om søknaden**

Visit Fjordkysten AS søker om 200 000 kr til å utvikle stormløyper langs Fjordkysten.

Visit Fjordkysten ynskjer å etablere inntil fem stormløyper i regionen sin. Den som går løypa skal kjenne seg trygg, samtidig som ein kan sjå og kjenne på naturkrefte. Visit Fjordkysten jobbar med å utvikle reiseliv basert på deira fortrinn – vær.

Målet er å lage fem ulike løyper som er tilrettelagt og merka som stormløyper i samarbeid med reiselivsnæringa i regionen. Ein skal kunne gå langs løypa og kjenne seg trygg samtidig som ein kan sjå og kjenne på naturkrefte. Løypene vil vere eit låg-terskel tilbod som er ope for alle.

Vær og storm som reisemål vil ha hovudsesong frå november til februar. Dei jobbar for ei berekraftig utvikling og ser på dette som eit fellestiltak for å legge til rette for trygge og attraktive turløyper med gode «storm watching» utsiktspunkt. Stormløypene vil gi eit breiare aktivitetstilbod i vintersesongen og forsterke satsinga på storm watching som eit konsept for å utvikle Fjordkysten til ein heilårsdestinasjon.

Konseptet storm watching har vist seg å vere ein suksess andre stader, blant anna i Tofino i Canada der Visit Fjordkysten var på studietur i 2015. Der har ein snudd ei negativ utvikling med stengte vinterstengte hotell til opne hotell med godt belegg heile stormsesongen.

Det er etablert eit eige bedriftsnettverk for storm watching som jobbar aktivt med utvikling av konsept, marknadsføring og salsretta tiltak, samt bedriftsretta utviklingstiltak. Nyleg var dei første storm watching pakkane lansert i samarbeid med Go Fjords.

Per i dag manglar det framleis mykje tilrettelegging i naturen for å kunne tilby gode storm watching opplevingar fleire stadar. Dette er fellestiltak som vil støtte under satsinga på utvikling av storm watching som produkt.

Det vil bli jobba med å få på plass avtalar med grunneigarar så snart ein har bestemt kvar løypene skal gå.

Visit Fjordkysten fekk i 2015 infrastrukturmidlar til forprosjektet «Stormwatching».

#### **Vurdering og konsekvensar**

Storm watching er eit spennande produkt og Fjordkysten er eit godt egna område til dette. Hovudsesongen for storm watching som attraksjon er på vinter, det vil difor vere med på å auke og skape trafikk i skulder- og vintersesongane.

Prosjektet er leia av Visit Fjordkysten og skal legge til rette for at ein kan tilby storm watching fleire stadar. Dette vil støtte opp om reiselivsbedriftene i regionen. Prosjektet støttar også opp om vandring som er eit anna prioritert tiltak i utlysinga.

#### **Vedtak**

Visit Fjordkysten får kr 200 000 til å utvikle stormløyper langs Fjordkysten.

### **3.18 Utvikling av fyrtårnbygd for berekraftig reiseliv**

#### **Kort om søknaden**

Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe Klimasenter søker om 410 000 kr til å utvikle Fjærland til ei fyrtårnbygd for berekraftig reiseliv.

Søkar ynskjer å gjere turistbygda Fjærland til eit fyrtårn innan berekraftig reiseliv. Målet med prosjektet er å utvikle destinasjonen til å ligge heilt i forkant i verda når det gjeld berekraftige reisemål. Alle verksemndene og attraksjonane i bygda skal gjennomsyrast av fokus på lokal mat, grøne aktivitetsprodukt, meir historieforteljing, lokal arbeidskraft, frisk luft og minst muleg utslepp av Co2. For tida held alle reiselivsaktørane på med miljømerking av verksemndene sine.

Det blir søkt om midlar frå infrastrukturmidlane til fleire delar av dette målet:

- Investere i el-syklar og vanlege syklar
- Skilting av bygda
- Skilting av turstiar
- Sykkelparkering ved innfallsport og i sentrum
- Utsmykking av innfallsport

Søkar ynskjer å knyte saman verksemndene og attraksjonane i bygda ved å tilby både vanlege og el-syklar i bygda. Desse vil bli plassert ved innfallsport til bygda og i sentrum. For å motverke forureinande og støyande trafikk på dei smale vegane ynskjer søker å binde saman bygda med eit nettverk av el-syklar, vanlege syklar, el-båtar og etter kvart el-tog.

Reiselivsverksemndene i Fjærland ynskjer også å sette opp ei profesjonell guiding- og aktivitetsverksemnd. Her skal dei tilby mange grøne, spennande høg- og lågterkseltilbod til dei besökande. I samband med dette vil ein utbetre og skilte turstiar i Fjærland.

Søkar ynskjer også å skape ein minipark ved innfallsporten til bygda, ved Norsk Bremuseum. Denne skal bli utsmykka med dam og fontene, mammut, informasjonstavler med bilder, turkart og anna informasjon om lokale og regionale attraksjonar.

Prosjektdrivar er Norsk Bremuseum, men det er lagt til grunn at prosjektet er eit samarbeid mellom bygdeutval, næringsamskipnad og alle reiselivsverksemndene i Fjærland.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Dette er eit prosjekt som består av fleire småprosjekt. Det eine handlar om skilting av turstiar og bygda, eit går på å investere i el-syklar og trøsyklar, eit handlar om å legge til rette for sykkelparkering, og det andre går på utsmykking av innfallsporten til bygda.

Prosjektet blir delvis vurdert til å ikkje vere innanfor kriteria og prioriterte tiltak på utlysinga, og delvis innanfor. Søknaden er veldig vid og generell utan at omfanget av dei ulike delprosjekta er gitt særleg informasjon rundt.

Prosjektet blir vurdert som delvis bedriftsretta og når ikkje opp.

#### **Vedtak**

Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe Klimasenter får avslag på søknad om midlar til å utvikle Fjærland til ei fyrtårnbygd for berekraftig reiseliv.

### **3.19 Søknad for tilskudd til Fjord Tours Unescobuss-satsing**

#### **Kort om søknaden**

Fjord Tours AS søker om 563 402 kr til å overleve startfasen og utvikle vidare satsinga deira på Unescobuss som går Sogndal-Geiranger tur-retur.

Unescobussen går frå Sogndal til Geiranger tur-retur. Namnet kjem av at kunden enkelt kan få oppleve begge verdsarvfjordane i kombinasjon med Sognefjord in a nutshell turen Fjord Tours tilbyr. Dette er eit trekkplaster for både norske og utanlandske turistar.

På vegen stoppar bussen i Fjærland, Skei, Olden , Loen og Stryn og dei reisande kan hoppe av og på som dei sjølv ynskjer og overnatte, ete og delta på aktivitetar på vegen. I fjar hadde dei 1200 passasjerar som minimum var to dagar i området.

Unescobussen gir dei besøkande mulegheit til å knyte andre turar saman med denne bussturen. Ein kan sjølv velje om ein vil ta bussen tur-retur eller om ein berre ynskjer å ta bussen ein del av strekninga.

I startfasa vil Unescobussen gå i sommarsesongen, men dersom det er etterspurnad for det vil ein vurdere å utvide til vintersesongen. Dette er gjort med Sognefjord in a nutshell allereie.

Unescobussen har vore i drift i to år, men tener ikkje pengar i startfasen. Dette er eit kjent fenomen for søker som reknar med innteninga vil ta seg opp når det er blitt meir kjennskap til bussen i marknaden og det er opparbeidd ei portefølje av tilbod langs ruta.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Unescobussen har eksistert i to år no. Vi vurderer det som eit positivt tilbod som aukar trafikken mellom regionane i Sogn og Fjordane, i tillegg til å opne opp for trafikk mellom Geirangerfjorden og fylket vårt.

Av budsjettet på 1,1 millionar er 735 000 kr transportkostnadene og 344 000 marknadsføringskostnadene. Transportkostnadene ser vi på som reine driftskostnadene, og dette har vi ikkje høve til å støtte. Sjølv om prosjektet vil ha overrisslingseffektar til andre reiselivsbedrifter vert prosjektet rekna som bedriftsretta.

#### **Vedtak**

Fjord Tours AS får avslag på søknaden om støtte til Unescobuss-satsing.

### **3.20 Forprosjekt utsmykking Hauge gamle kyrkjested**

#### **Kort om søknaden**

Original Hauge søker om 70 000 kr til forprosjekt utsmykking med samtidskunst ved Hauge gamle kyrkjested i Lærdal.

Kyrkjegarden på Hauge er frå middelalderen og er eit freda kulturminne. Det siste kyrkjebygget som sto her blei rive på 1870-talet, men kyrkjegardsmuren er bevart og blei restaurert i 2015. Kyrkjegardsmuren er delvis «amputert» av fylkesvegen som blei lagt over nedre del av kyrkjegarden på 1950-talet.

Kyrkjegarden ligg langs Kongevegn over Filefjell på strekninga Lærdalsøyri-Ljøsne. Det er eit pågående arbeid om å løfte opp Kongevegen ved å etablere fleire aktivitets- og opplevelingstilbod langs ruta, spesielt i Lærdal.

Målet med forprosjektet er å finne ut om hovudprosjektet let seg gjennomføre og å legge grunnlaget for eit eventuelt hovudprosjekt. Det er snakk om å sette opp samtidskunst på tre punkt ved Hauge kyrkjested, dette vil i tilfelle bli gjort i eit hovudprosjekt. Det er gjennom prosjektet eit ynskje om å utvikle ein formidlings- og opplevingsarena for vandrarar og andre med utgangspunkt i kombinasjonen av samtidskunst og gamle kulturminner i gamalt og nytt kulturlandskap.

Forprosjektet omfattar praktiske undersøkingar, kunstfagleg undersøkingar, avklaring av kulturminnefaglege hensyn m.m., studietur, utveljing av kunstnarar, gjennomføring av konkurransen og, dersom konkurransen får eit vellukka resultat, justering av vinnarutkasta, samt arbeid med søknad til KORO (Kunst i offentlege rom) og andre instansar om realisering/finansiering av sjølve utsmykkinga.

Hauge kulturlandskap vitnar om eldgammal tru på overnaturlege krefter. Det er spor etter ein steinsirkel og arkeologiske gravfunn frå jernalderen. Nærleiken til huldrefolket er også sentralt i Lærdal. Søkjar ynskjer at kunsten skal relatere dette.

Søkar har også vore i kontakt med riksantikvar, fylkeskonservator, Bjørgvin bispedøme og dei er alle positive.

Søkar er grunneigar av Hauge kyrkjegard.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Å blande samtidskunst med gamle kulturminner er spennande og kan vere med å auke attraktiviteten til produktet kyrkjegarden på Hauge. Samtidig er det vanskeleg å få sett opp kunst ved kulturminner. Det er heller ikkje avklara kvar og om kunsten kan settast opp. Det er svært positivt at prosjektet er forankra hjå både riksantikvar, fylkeskonservator og Bjørgvin bispedøme.

Prosjektet blir vurdert som eit kunstprosjekt og treff difor ikkje heilt prioriterte tiltak i infrastrukturmidlane.

#### **Vedtak**

Original Hauge får avslag på søknad om tilskot til forprosjekt utsmykking med samtidskunst ved Hauge gamle kyrkjestad i Lærdal.

### **3.21 Parkering for turområdet Vikesland-Hovdungo**

#### **Kort om søknaden**

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 151 718 kr til utvikling av parkering for turområdet Vikesland-Hovdungo, samt toalettløysing og informasjonstavle over turområdet.

Det er tilrettelagt fleire turstiar i området ved gardstunet Vikesland (460 moh) og stølsgrendene Sele, Hovdungo, Høgsete og Joasete. Dette er eit samarbeid mellom grunneigarar, Aurland kommune og næringsverksemder.

Det er mange turløyper i området og er mykje brukt, både av lokale og besökande. Det er også eit område som reiselivsaktørar anbefalar reisande på grunn av nærliek til kontrastane i området. Det er turar i skog og på høgfjellet, natur og kulturlandskap og er relativt trygg å gå på i store delar av sesongen. Stiane er også i aukande grad i bruk om vinteren i form av trueturar og korte skiturar.

Det er om lag 1 time frå Aurlandsvangen opp til stinettet rundt Vikesland, frå Flåm må ein rekne om lag 2 timer. Difor er det mange som vel å nyte seg av bil for å nå tuområdet. Den stadig aukande interessa for vandring og vandreturisme har sine utfordringar, ofte i mangel på tilrettelegging for parkering og handtering av boss og toalett.

Dei som nyttar seg av området i dag kan sette frå seg bilen/bilane på ei vegskulder ved gardstunet. Vegen som går gjennom gardstunet er ein driftsveg som vert brukt av grunneigarar til og frå slåttemark og stølsområdet. Parkeringsa begynnar å kome i konflikt med tilkomsten med traktorar og anna reiskap. Grunneigar har sjølv peika ut høveleg plassering for ny parkering.

Det er ynskjeleg at ein etablerer parkering før ein kører inn i sjølve gardstunet. Ved å utvide ein sving (siste svingen før ein kjem opp til gardane) på den kommunale grusvegen til Vikesland kan ein få plass til oppimot 8-10 bilar, noko som vil avlaste parkeringspresset i gardstunet i stor grad. Ved etablering av parkeringsareal er det og ynskjeleg å sette opp ei toalettløysing for gjestene og informasjonstavle over tuområdet.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Prosjektet står opp om vandring som aktivitet og er i eit område som allereie blir mykje brukt av lokale og tilreisande, det er også eit område som blir anbefalt av reiselivsaktørar. At det er betre mulighet å parkere og komme fram kan føre til auka besök som igjen kan føre til lengre oppholdstid i området/ekstra gjestedøgn, som igjen gir auka verdiskaping til verksemdene i området.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden Verdsarvpark frå kr 151 718 til parkering, toalettbygging og oppsetting av informasjonsskilt.

### **3.22 Vidareutvikling av Kongevegbussen**

#### **Kort om søknaden**

Kongevegbedrifter Filefjell AS søker om 110 000 kr til vidareutvikling av Kongevegbussen.

Kongevegbussen har eksistert i to sesongar og vore viktig for å knyte dei ulike delane av Kongevegen saman. No ynskjer dei å styrke Kongevegbussen ved å vidareutvikle tilbodet ved Kongevegen.

Prosjektet står av to deler:

- Selje, marknadsføre og iverksetje pakketurar som er avhengige av transport av folk og bagasje med Kongevegbussen.
- Ferdigutvikle, marknadsføre og iverksetje «spreidd» sykkelutleige der Kongevegbussen er eit premiss for transport/omfordeling av syklar.

Pakketurane over Filefjell er ferdig utvikla og skal settast i gong. Sykkelutleige er tenkt på strategiske punkt langs Kongevegen der det er asfalt, slik at ein kan gå Kongevegen som ikkje er asfaltert og sykle dei delane som er asfaltert.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Tiltaket er svært positivt og vil styrke satsinga på Kongevegen og Kongevegbussen, samt gjere tilbodet langs vegen betre.

Det er få og definerte bedrifter som vil tene på tiltaket, Kongevegbussen spesielt. Pakketering blir vurdert som utanfor tilskot til infrastrukturmidlar til reiselivet. Sykkelutleige er noko ein vil tene pengar på og blir difor vurdert som bedriftsretta.

Prosjektet blir vurdert som bedriftsretta.

#### **Vedtak**

Kongevegbedrifter Filefjell AS får avslag på søknad til vidareutvikling av Kongevegbussen.

### **3.23 Vidsyn – Bystien/Hafstadkleiva - Førde**

#### **Kort om søknaden**

Stiftinga Bystien – Førde Byutvikling søker om 300 000 kr til «Vidsyn», eit utkikkspunkt ved toppen av trappa ved starten av Bystien.

Bystien er ein lyssett sti frå Førde sentrum opp Hafstadfjellet og er mykje brukt. På grunn av bruken av stien er det ynskje om å sette opp eit utkikkspunkt ved toppen av trappa ved starten av Bystien.

Utkikkspunktet blir kalla Vidsyn og er teikna av sivilarkitekt Christina Kvamme.

I prosjektet ynskjer dei å skape og synleggjere:

- Eit tredimensjonalt smykke i Bystien som eit identitetsmerke for kommunen.
- Ei form og eit omgrep som symboliserer tolerant innstilling, evne til å sjå saker frå alle sider og ei omfamnande ramme som representerer tryggleik.
- To viktige hovudaksar i bybildet:
  - o Mot Langebruvegen opnar Vidsyn opp og tar i mot impulsane frå byen
  - o Mot Førdefjorden gjev Vidsyn ly og tek vare på det som ein gong var.

Utkikkspunktet skal ha ei kunstnarleg utforming i betong som eit symbol på regionen sin bruk og betydning av betong som byggemateriale. Utkikkspunktet skal lysast opp slik at ein også ser det på kveld- og nattetid også frå sentrum.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Det er eit spennande prosjekt som handlar om å setje opp eit utkikkspunkt som også skal vere eit smykke. I søknaden står det at utkikkspunktet er der allereie, men at dei no ynskjer å bygge eit «smykke» der som skal vere synleg frå Førde sentrum.

Dette er noko som blir vurdert litt på sida til satsinga til infrastrukturmidlar for reiselivet.

#### **Vedtak**

Stiftinga Bystien – Førde Byutvikling får avslag på søknad om midlar til utkikkspunktet Vidsyn.

### **3.24 Rydding av trasear for skogskøyring – toppturar på ski**

### **Kort om søknaden**

Bokprosjektet skiturar i Indre Sunnfjord søker om 60 000 kr til rydding av trasear for skogskøyring ved toppturar på ski.

For å gjere trygg og god skikøyring i skogsterrenget betre i Sunnfjord-regionen er det behov for å tynne og rydde trasear i skogen. Ved dårlige snøforhold i fjellet, t.d. mykje vind, ved dårlig sikt og ved høg skredfare i høgfjellet er det gunstig å ha tilgjengeleg skikøyring i relativt open skog.

Utvalde trasear strategisk spreidd i Sunnfjord-regionen skal gjere skikøyring tilgjengeleg for alle i regionen. Traseane som vil bli rydda er dekka i boka Toppturar i Sunnfjord.

Ingen avtalar med grunneigarar er på plass endå.

### **Vurdering og konsekvensar**

Fylkeskommunen har tidlegare vore inne med finansiering til å setje i stand parkeringsplassane til toppturar i Jølster kommune, samt skilting til desse parkeringsplassane. Dette har vore vurdert som prosjekt som kan vere med å auke turismen i Jølster, spesielt vinterstid. Dette prosjektet legg til rette for skikøyring også når vêret ikkje tillet toppturane.

Det er ikkje avgjort kva trasear som skal ryddast, kor mange trasear som skal ryddast og det er førebels ikkje gjort avtalar med grunneigarar. Dersom søknad kjem gjennom ein av kommunane eller Indre Sunnfjord Turlag kan søknad rettast mot spelemiddelordninga.

### **Vedtak**

Bokprosjektet skiturar i Indre Sunnfjord får avslag på tilskot til rydding av trasear for skogskøyring ved toppturar på ski. Søkar blir oppmoda om å ta kontakt med Indre Sunnfjord Turlag eller ein av kommunane og rette søknad mot spelemiddelordninga.

## **3.25 Støtte til å ha ope alle dagar i vintersesongen**

### **Kort om søknaden**

Sogndal Skisenter Drift AS søker om 389 000 kr til støtte til å ha ope alle dagar i vintersesongen.

Hodlekve ynskjer å bli ein internasjonal vinterdestinasjon. For å nå dette målet må dei ha ope alle dagar i sesongen.

Sogndal Skisenter utvider anlegget sitt både på hytteutbygging og hytteutleige, samt auka tilrettelagt aktivitetstilbod. Utleigedelen går svært godt og ein opplever kapasitetsproblem i helgar i vintersesongen (oktober-april).

Som ein konsekvens av dette ynskjer ein å halde ope alle dagar i vintersesongen, det vil utgjere ca. 40 ekstra opningsdagar i året.

### **Vurdering og konsekvensar**

Det er svært positivt at skisenteret ynskjer å ha ope fleire dagar i veka i vinterhalvåret. Sogndal Skisenter trekker mange besökande til regionen i vintersesongen og skapar slik overrisslingseffektar til andre verksemder. Vi meiner kostnadene knytt til å halde ope fleire dagar er driftskostnadar og det har vi ikkje høve til å støtte. Vi ser også på dette tiltaket som bedriftsutvikling.

### **Vedtak**

Sogndal Skisenter Drift AS får avlag på søknad om støtte til å ha ope alle dagar i vintersesongen.

## **3.26 Kalvåg Kystfestival 2019**

### **Kort om søknaden**

Aktiv Kalvåg søker om 100 000 kr til å arrangere Kalvåg Kystfestival 2019.

Kalvåg Kystfestival har vore arrangert 10 gonger tidlegare og har som mål å formidle kystkultur og musikk på Vestlandet. I 2018 var det 3 000 besökande på festivalen. Målet for 2019 er å auke besökstalet med 20 %.

### **Vurdering og konsekvensar**

Kalvåg Kystfestival har eksistert i mange år no. Festivalen skapar mykje liv og røre, samt at dei trekker folk til området. Vi meiner kostnadene i samband med å arrangere festival er noko som ligg utanfor det infrastrukturmidlane bør nyttast til. Prosjektet blir også vurdert som bedriftsretta. I

tillegg vil festivalen gå av stabelen uavhengig av eit tilskot frå fylkeskommunen, så det kan vurderast kor stor utløysande effekt eit tilskot vil ha.

#### **Vedtak**

Aktiv Kalvåg får avslag på søknad om støtte til å arrangere Kalvåg Kystfestival 2019.

### **3.27 Utvida kunnskapsinnhenting - ferdselsteljing**

#### **Kort om søknaden**

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 97 500 kr til innkjøp av tre teljeapparat og timer i felt for oppsett i 2019.

Under arbeidet med å utvikla besøksforvalningsstrategi for Vestnorsk Fjordlandskap og innfallsportane til området, vart det observert mangel på konkret informasjon om ferdsel langs stiane i området. Med veksande næringsliv og aukande trykk på natur- og kulturlandskapet vert behovet større på å forvalte trafikken på ein god strategisk måte.

«Utvida kunnskapsinnhenting – ferdselsteljing» er eit deltiltak under vandring og verdiskapingsprosjektet og ein pågående prosess for utvikling av besøksstrategiar for UNESCO området Vestnorsk Fjordlandskap gjennom «Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling».

Som del av ei heilsakeleg besøksforvaltning av Vestnorsk Fjordlandskap er det naudsynt å hente inn konkret kunnskap om ferdsel langs stiane i regionen. Søkar ynskjer å gjøre dette for å kunne forvalte, overvake og evaluere behov som gjeld i eit verdifullt natur- og kulturlandskap.

Prosjektmålet er å danne kunnskapsgrunnlag over tid som skal brukast til:

- Periodisk rapportering til UNESCO
- Å legge gode strategiar for fordeling av ferdsel innanfor belasta område og å spreie trafikken ut til avlastningsområder.
- Å legge til rette for utvikling av kvalitative opplevingar i natur- og kulturlandskapet.
- Å skape godt grunnlag for å kunne prioritere tiltak.

I 2018 fekk søker 96 400 kr til innkjøp av tre teljeapparat, desse blei plassert på tre mykje brukte stiar, nærmare bestemt på strekningane Rallarvegen, Aurlandsdalen og Rimstigen. Teljinga i 2018 bekreftar allereie større bruk av stiane enn forventa, sjølv om teljeapparata kom seint i sesongen og ikkje vart teke i bruk før i august.

Det var tenkte å flytte teljarane i 2019 til andre stiar og la dei rotene i mellom stiar i området dei kommande åra, men grunna sein levering og montering vil teljarane stå på gjeldande plassering ut 2019. Samstundes ser søker eit stort behov og nytte i å kjøpe inn fleire teljeapparat for å få oversikt over fleire stiar samtidig og få ei breiare og utvida kunnskapsinnhenting kring ferdsel.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Prosjektet fekk stønad til innkjøp av tre ferdselsteljarar i 2018 som skulle gå på ei treårig rotering mellom ni turløyper. Etter erfaringar frå 2018 er besøkstala større enn det som var forventa og søker ser it behov for fleire ferdselsteljarar.

Det omsøkte tiltaket skal gi betre kunnskap om vandringsområdet. Dette gjev m.a. kunnskap som kan nyttast i arbeidet med å spreie trafikken frå belasta område til mindre belasta område. Prosjektet vil også vere grunnlag for å kunne prioritere tiltak.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden Verdsarvpark får 97 500 kr til innkjøp av tre ferdselsteljarar.

### **3.28 Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken - 2019**

#### **Kort om søknaden**

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 250 000 kr til vidareføring av prosjektet «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken – 2019».

Prosjektet «Vandring og verdiskaping i Verdsarvparken» har gått over tre år frå 2016 til 2018. Basert på erfaringar med prosjektet desse åra ynskjer søker no å vidareføre prosjektet eitt år til.

I 2016 starta Nærøyfjorden Verdsarvpark opp eit treårig prosjekt med mål om å auke vandring og verdiskaping i Verdsarvparken generelt og i Aurlandsdalen spesielt. Prosjektet er blitt gjennomført saman med friviljuge lag og organisasjonar (turlag), representantar for grunneigarar og næringsverksemder, verneområdeforvaltning, Visit Sognefjord og arbeids- og styringsgruppe for Aurlandsdalen.

Prosjektet skal auke samhandling, aktivitet og verdiskaping knytt til vandring i Verdsarvparken.

Prosjektet har som mål å:

- Fremje, planlegge, organisere og sikre gjennomføring av koordinerte og prioriterte tiltak og aktivitetar knytt til vedlikehald, istandsetting, rydding og skilting av turvegar, samt etablering av innfallsportar i Verdsarvparken generelt og Aurlandsdalen spesielt.
- Vere pådrivar og støtte for auka marknadsføring, utvikling, bruk og verdiskaping knytt til vandring.
- Ta hand om og koordinere akutte tiltak i Aurlandsdalen knytt til ras og/eller steinsprang.
- Ivareta sekretær- og koordineringsfunksjonen for arbeids- og styringsgruppa for Aurlandsdalen, samt sikre samhandling mellom lag, organisasjonar, reiselivsverksemder og reisemålsselskap i parkregionen (verdsarvkommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal).

Utover satsinga i Aurlandsdalen har prosjektet som mål å utbetre, tilrettelegge, foredle og marknadsføre minimum tre lengre turvegar i kvar av parkkommunane. Kjelda for prioriterin er turboka «Opptur Nærøyfjorden».

Prosjektet skal resultere i:

- Godt tilrettelagt og skilta turvegar, betre og tryggare tilkomst for turgårar.
- Redusere negative effektar på landskap, beit og beitande dyr som fylgje av ferdsle og vandring.
- Medverke til ei kvalitativ god turoppleveling og god besøksforvaltning.
- Styrke driftsgrunnlaget for lokale reiselivsverksemder.

### **Vurdering og konsekvensar**

Prosjektet er viktig i arbeidet med å ta vare på viktige verneverdiar og samtidig gi dei besøkande gode opplevelingar og auke den lokale verdiskapinga. Det omsøkte prosjektet vil bidra til ein meir berekraftig bruk av verdsarvområda gjennom ei god tilrettelegging for vandring.

Søkar også fylkeskommunen om midlar til dette prosjektet i 2016 for tidsperioden 2016-2018 og fekk støtte for 2016 og 2017, i 2018 søkte dei på nytt om midlar og fekk tilskot. Desse tilskota er det ikkje rapportert på endå. Vurdering og rapportering av prosjektet i tidsperioden 2016-2018 bør vere med i avgjerdsgrunnlaget på søknaden.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden Verdsarvpark vil få svar på søknad etter at rapportering på tilsvarande prosjekt for perioden 2016-2018 er ferdig rapportert.

## **3.29 Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven; fase 2**

### **Kort om søknaden**

Nærøyfjorden Verdsarvpark søker om 396 780 kr til å ta vare på stien i Aurlandsdalen som ferdselsåre.

Prosjektet er eit deltiltak under Vandring og verdiskapingsprosjektet.

Fleire område har fått slitasjeskadar som nedsunkne steinar i myrområde, omdanning av fleire gangbaner og steinmurar som sig ut. Naturhendingar som ras og steinsprang har også bidrege til øydelegging av stein og behov for murarbeid, steinlegging i rasområde og ombygging av steinlagde grøfter/drener er tydeleg.

Målet med prosjektet er å sørge for at stien i Aurlandsdalen også i framtida er eit godt døme på gamal ferdselsåre og gir kvalitetsopplevelingar for gjestene i Aurlandsdalen. Eit godt vandreprodukt for flotte opplevelingar av natur- og kulturlandskapet for gjester og busette på trygge stiar.

I 2018 fekk søker eit tilskot frå fylkeskommunen på 347 000 kr til prosjektet. I prosjektet er det jobba med stien som gamal ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven. Under arbeidet er det oppdaga større behov for steinlegging i t.d. bekkeløp som over lang tid har blitt fylt opp. Arbeidet med å utbetre grøftesystem som er blitt gjengrodd og demma opp er større enn søker først trudde.

Difor søker dei no om meir midlar til prosjektet. Desse skal gå til å leige inn fagarbeidrarar, felttimar for prosjektkoordinator og materialkjøp for naudsynt arbeid på blant anna steinmurar, steinlagde gangbaner/bekkeløp og drener/grøfter på stien.

### **Vurdering og konsekvensar**

Dette er eit prosjekt som skal ivareta ei gamal og unik ferdsselsåre, som er eit godt vandreprodukt til besökande. Det er stor tilstrøyming av besökande til Aurlandsdalen. Det er difor viktig å ta vare på sikkerheita til dei besökande og for å skape ei god oppleving for dei som går der. Utbetring av stiar og drenering av grøfter er også viktig for å ta vare på naturen, spesielt i områder med høge besøkstal.

Prosjektet er elles i tråd med prioriterte tiltak til infrastrukturmidlane. Det er avgrensa midlar i satsinga, og sjølv om tiltaket er positivt og vurdert innanfor kriteria for midlane når ikkje prosjektet opp.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden Verdsarvspark får avslag på søknad om midlar til prosjektet «Stien som ferdsselsåre gjennom natur- og kulturarven; fase 2».